



Utmarksbeitet i Hedmark

Forfatter

Yngve Rekdal, Norsk institutt for skog og landskap

Sammendrag

Tal frå prosjektet «Arealrekne - skap i utmark» viser at Hedmark har eit utmarksbeite noko under landssnittet i kvalitet. Spesielt for fylket er at beitekvaliteten er geografisk delt med svært gode beite i Nord-Østerdalen og skrinnare sør og midt i fylket. Bruken av beitet har endra seg veldig med aukande rovdyrproblem, og beitedyr i utmark er no stort sett å finne i nord og på Hedmarken.

Publisert

2014

Referanse

Sau og Geit nr. 3/2014

Utskriftsdato

22.07.2019 www.fag.nsg.no



Utmarkshaustarar i aktivitet i Dalsbygda i Os. (Foto: Yngve Rekdal)

Utmarksbeitet i Hedmark

Tal frå prosjektet «Arealrekneskap i utmark» viser at Hedmark har eit utmarksbeite noko under landssnittet i kvalitet. Spesielt for fylket er at beitekvaliteten er geografisk delt med svært gode beite i Nord-Østerdalen og skinnare sør og midt i fylket.

Bruken av beitet har endra seg veldig med aukande rovdyrproblem, og beitedyr i utmark er no stort sett å finne i nord og på Hedmarken.

Nasjonalt arealrekneskap for utmark

Etableringa av eit arealrekneskap for utmark er eit samarbeid mellom Norsk institutt for skog og landskap og


Statistisk sentralbyrå. Dette skjer med basis i ei nasjonal utvalsundersøking av arealdekket der flater på om lag 1 km² blir vegetasjonskartlagt. Det er 18 km mellom kvar utvalsflate og 1.080 flater fell da på landjorda i Noreg, 86 av desse i Hedmark. Samla skal dette gje nasjonal statistikk over utbreiinga av vegetasjonstypar, men det gjev også nokolunde sikre tal ned på fylkesnivå. 87% av flatene er ferdig bearbeidd. Prosjektet er 10-årig med sikte på å ha ferdigstilt data for heile Noreg i 2015. Rapport for Hedmark ligg no føre og kan lastast ned frå www.skogoglandskap.no/publikasjon/

Beiteareal og beitekvalitet


Statistikken over utbreiinga av vegetasjonstypar i Hedmark gjev grunnlag for ei grov ressursvurdering av

utmarksbeitet for sau og storfe. Vegetasjonstypane blir sortert i tre klassar etter innhald og produksjon av beiteplanter. Klassen *mindre godt beite* inneheld vegetasjonstypar der beiteplanter forekjem så spreidd at dyr i liten grad vil oppsøke slike stader dersom alternativ finst. Klassene *godt beite* og *svært godt beite* utgjer til saman *nyttbart beiteareal*. Det vil seie det arealet beitedyr vil ta plantemasse av betydning for tilvekst frå.


Figur 1 viser landarealet i Hedmark fordelt på beitekvalitetar for husdyr. 6% av arealet er klassen *ikkje beite*, som omfattar jordbruksareal, bebygde areal og areal utan vegetasjonsdekke, til dømes bart fjell og blokkmark. 94% av landarealet i fylket kan reknast som tilgjengeleg utmarksbeiteareal. *Figur 2* viser at av det tilgjengelege utmarks-



Figur 1. Areal av ulike beitekkvalitet for husdyr i Hedmark og for heile landet, vist som prosent av totalt landareal.



Figur 2. Areal av ulike beitekkvalitet for husdyr i Hedmark og i heile landet, vist som prosent av tilgjengelig utmarksbeiteareal.



Figur 3. Fordeling av beitekkvalitetar i fire, større utmarksområde i Hedmark.

beitet kan 54% klassifiserast som *mindre godt beite*, 40% som *godt beite* og 6% som *svært godt beite*. Figurane viser også tal for heile landet, basert på 87% av flatene. Dette viser at kvaliteten på utmarksbeitet i Hedmark ligg noko under landsgjennomsnittet.

Varierende berggrunn og høgdetilhøve

Utmarksbeitet i Hedmark byr på ulike naturtilhøve. Store delar av fylket er produktiv barskog, der beitetilgangen mykje er knytt til hogstflater. Mellom dalføra i midtre delar av fylket går landskapet over i fjellskogar med glissen bar- og bjørkeskog, brote opp av store myrareal og åsar som stadvis når over skoggrensa. Næringsfattige sandsteinar, kvartsittar, granittar og gneis dominerer berggrunnen her, og vegetasjonen har høgt innhald av lav som gjer Hedmark til «måssåfylket» framfor nokon andre.


Nord i Hedmark blir fjella høgare og det skjer eit skifte i berggrunnen til skifrige, lett forvitrelge bergartar som glimmerskifer og fyllitt. Plantelivet blir stadvis veldig frodig og i fjellbjørkeskog og snaufjell er det rike fjellbeite. Høgare fjell gjev innslag av snøleie i vegetasjonen slik at beitedyr kan trekkje opp i høgda med snøsmeltinga og få tilgang på nycroer utover ettersommaren og hausten. Det ser ein att i lammevekter som gjennomgåande er høgast i kommunane nord i fylket. Næringsrike bergarter finnes også på Hedmarken, men her er mykje av dette arealet dyrka opp og utmarka er heller fattig.

Figur 3 viser fordeling av beitekkvalitetar i fire, større





Sau på skogsbeite i Ringsaker. (Foto: Yngve Rekdal)



Figur 4. Beitelag i Hedmark med sauetal for beitesesongen 2012. Reine storfelag er vist med lys, gul farge.

utmarksområde i Hedmark. Furnes, Vang og Løten almenninger og Rendalen østfjell ligg på fattig berggrunn og har 2-3% i klassen *svært godt beite*. Utmark på rik berggrunn i Vingelen i Tolga og i Vangrøftdalen/Kjurrudalen i Os har 19-20% i beste beiteklasse. I tillegg er det ein langt høgare del nyttbart beiteareal her.

Beitebruk

Utmarksbeite er ein viktig del av ressursgrunnlaget for jordbruket i delar av Hedmark. Omlag 20 000 storfe, 108 000 sau, 2 500 geit og 750 hest gjekk meir enn 5 veker på utmarksbeite i 2013. 38% av fylkesarealet vart bruka av organiserte beitelag i 2012. I tillegg kjem også uorganiserte beitedyr, særleg storfe som gjerne nyttar meir gards- og seternære areal. Figur 4 viser at beitedyr i utmark no har ein sterk konsentrasjon til Nord-Østerdalen og på Hedmarken.

Beitekapasitet

Ut frå fordelinga av beitekvalitetar kan det gjerast overslag over beitekapasitet. Her er det *nyttbart beiteareal* ein må ta utgangspunkt i. Dette kjem fram ved å summere klassane *godt* og *svært godt beite*. Dette utgjør 43% av fylkesarealet eller 11 288 km². Omlag 60 saueiningar (s.e.) per km² nyttbart beiteareal kan sleppast på beite av den kvaliteten som finst i Hedmark. Samla

beitekapasitet for fylket, vurdert ut frå plantedeckket, vil da bli 677 000 s.e. Ein del areal vil ha vanskeleg tilgjenge eller kan på andre måtar vera praktisk vanskeleg å nytte som beite. Dette har vi ikkje tal for. Dersom vi skjønnsmessig set det praktisk nyttbare beitearealet til 90% av det som er nyttbart ut frå plantedeckket, skulle Hedmark ha plass til om lag 610 000 saueiningar.

Beitetrykket frå husdyr i 2013 var 192 000 s.e. Tilgjengeleg fôr er eit uttrykk for eit felles matfat som også andre dyreslag vil ta sin del av, først og fremst elg og rein i Hedmark. I fylket kan ein rekne omlag 25 000 elg, samt 10 000 villrein og tamrein som heilt eller delvis beitar i fylket. Beitetrykket frå hjortedyr på sommarbeite, som er i konkurranse med husdyr, kan settast til 106 000 s.e. Samla beitetrykk blir da kring 300 000 s.e. Det vil seie at fôruttaket frå utmark i alle fall kan doblast.

Hedmark har 34 000 hytter. Ein del av desse er plassert i beiteområder og vanskeliggjer utnytting av areal som beite. Dette gjelder særleg i Ringsaker kommune som har veldig mange hytter i område med høg beiteutnytting. Dette er det ikkje teke omsyn til i utrekninga av nyttbart beite.

Ledige beiteressursar

Denne utrekninga av ledig beite-

kapasitet i utmark har mange usikre faktorar, og er truleg eit forsiktig tal. Den viktigaste budskapet er at Hedmark har store, ledige beite-ressursar i utmark. Det gjeld områda i sør og midtre delar av fylket der det i dag manglar eller er svært tynt med beitedyr, men også Nord-Østerdalen kan romme langt fleire dyr. I desse områda, med høg kvalitet på utmarksbeitet, trengst fleire beitedyr for å ta vare på beitekvaliteten som delvis er ein arv etter tidlegare tiders meir intensive utmarkshausting.

Utmarksbeite i Hedmark kan drivast med godt resultat over heile fylket dersom ein tilpassar drifta til dei lokale naturvilkåra. Nokre bygder i nord har noko av det beste utmarksbeitet i Sør-Noreg, og har såleis særskilt gode vilkår for å drive beitenæring i utmark.



Sau tilhøyrande Atnelien hammelag – med Storsølnkletten i bakgrunnen.
(Foto: Lars Østbye Hemsing)

Tekst og foto: Yngve Rekdal

NORSK-
PRODUSERT

STREKKMETALL

NORSK KVALITET RETT FRA FABRIKK • ALLTID STREKKMETALL PÅ LAGER • KORT LEVERINGSTID



«Det har alltid vært sau på familiegården som jeg overtok for 12 år siden. Vi bygde nytt sauefjøs på 350m² for 200 vinterfjøs sauer i 2010. Med min bakgrunn i byggefaget, var det et overordnet mål for meg å bygge et så lett-drevet og effektivt sauefjøs som mulig. I det gamle sauefjøset har det vært strekkmetall fra Midthaug på gulvet siden 1980. Da materiale til nytt gulv skulle velges, gjorde jeg en grundig økonomisk og driftsmessig vurdering av flere alternative løsninger, og valget falt også denne gang på strekkmetall. Strekkmetall drenerer godt og sauene sliter klauvene fint og jevnt. Strekkmetallet har lang levetid og er gunstig økonomisk».

Saueløper og sivilingeniør i byggeteknikk, Ole Arne Asphol, Kleive i Romsdal.



- Tykkelse: 3,0 – 3,5 – 4,0 mm galvanisert
- Bredder: 1,0 – 1,2 m
- Lengder: 2,0 – 2,4 m
- Løse eller selvbærende rammer
- Spesielløsninger: Bredder opp til 1,5 m, Lengde opp til 3,0 m

midthaug

6453 Kleive | Tlf: 71 20 15 00

www.midthaug.no | post@midthaug.no

midthaug design